



Dato: 1. april 2015

Prosjekteigar: Radøy kommune og Marøy Grendalag

Kommune: Radøy

Område: Knappen

Vi har gleder av å melde at søknaden dykkar er tildelt kr 7.000,- til tursti til Knappen.

Vilkår:

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med søknaden. Ei større endring må sendast fylkeskommunen for godkjenning. Dersom planane vert endra utan godkjenning, kan eventuelle utbetalte midlar krevjast tilbakebetalt.

Minner om følgjande vilkår for tildeling:

- Nasjonal standard for merking og gradering skal nyttast. Denne kan lastast ned frå www.merkehandboka.no eller «Manual – Turskiltprosjektet», www.turskiltprosjektet.no
- Minst ein ansvarleg gjennomfører eit «skilt- og merkekurs» i regi av det nasjonale prosjektet (med mindre tilsvarande kompetanse kan dokumenterast). Det vert arrangert kurs i Bergen (Helleneset) måndag 20. april og kurs i Ullensvang tysdag 21. april (Hotel Ullensvang). Invitasjon til turskiltkurs er vedlagt og frist for påmelding er måndag 16. april.
- Det må liggja eit lokalt samarbeid til grunn for prosjektet.
- Plan for drift og vedlikehald i minimum ein 10-års periode frå det tidspunkt tiltaket er ferdigstilt.
- Marknadsføringsplan (turkort, publisering, kart, nettstader, media, anna infomateriell).
- Plan for auka bruk (arrangement ved opning, turkort, anna tilrettelegging langs turløypa osv).
- Alle prosjekta må ha skriftleg grunneigaravtalar, og dei skal følgja sluttrapporteringa.

Midlane skal nyttast til:

- Infrastruktur (skilt og informasjonstavler)
- Innhaldsproduksjon
- Turkort

Vilkår elles:

- Det skal rapporterast undervegs når det vert bede om og tilretteleggje for synfaring ved behov.
- Prosjektet pliktar å bidra til å evaluere turskiltprosjektet "det skal merkes i heile landet».
- Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunen skal opplysast som finansieringskjelder når det blir

informert om prosjektet til media, samarbeidspartnarar eller andre. Ved trykt presentasjon av prosjektet (brosjyrar, nettsider, skilt, infotavler mv.) skal logoane til Hordaland fylkeskommune og Gjensidigestiftelsen vera med.

Utbetaling:

75 % av tilsagnsbeløpet vert utbetalt så snart som råd etter 1. mai. Då får Hordaland fylkeskommune overført tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen. **Eit vilkår er at de sender oss kontonummer og ev. kva tildelte midlar skal merkast med så snart som råd og seinast innan 15. juni.** Om fristen ikkje vert overhalden fell tilsegnet bort utan nærare varsel. Siste 25% av tilsagnsbeløpet vert utbetalt på bakgrunn av sluttrapport og rekneskap revidert av eigen revisor. For prosjekt som får tilsagn på over kr 100.000, skal det leggjast fram revisorgodkjent rekneskap i samband med sluttutbetalinga. Minner om at verdien av dugnadsarbeid er sett til kr 300 pr. time.

Rapportering:

Det skal statusrapporterast på vedlagt skjema innan 30.11.2015, og sluttrapporterast innan 30.11.2016.

Klagetilgang og dokumentinnsyn

I medhald av forvaltningslova § 28 har part eller andre med rettsleg klageinteresse rett til å klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klaga skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Som part har de rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som går fram av forvaltningslova § 18 og 19. Vi ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Dersom de har spørsmål til saka ta kontakt med Eirik Knive, tlf: 55 23 91 66 og e-post eirik.knive@hfk.no

Med vennleg helsing

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Eirik Knive
Rådgjevar

Vedlegg: statusrapportskjema og sluttrapportskjema